

# Fyrste akkordeonfestival startar på Voss i morgon



I morgon startar akkordeonfestivalen NordAccordion på Voss. Ei heil veke er vigd til dette instrumentet som ser ut som og kling ganske likt eit trekkspel, men som hovudsakleg vert nytta til å spela klassisk musikk.

## ► VOSS

Det er strendingen og akkordeonisten Geir Draugsvoll frå Bidne som fyrst fekk idéen til festivalen. Til dagleg er han professor og undervisar i akkordeonspel ved konservatoriet i København, ein by han ha budd i dei siste 30 åra.

– Skilnaden mellom eit akkordeon og eit trekkspel er ikkje så stor. Når ein trykkjer ned ein knapp på bassregisteret på eit akkordeon, kjem det ut ein enkelt tone. På eit trekkspel kjem det ut ein akkord. Difor kan ein seia at ein akkordeonist på mange måtar kan tenkja på same måten som ein pianist i sitt spel, seier Geir Draugsvoll som er kunstnarisk leiar for Nord-Accordion.

## Festival

Då ideen om dette arrangementet dukka opp hjå Draugsvoll, tenkte han fyrst på å laga eit seminar for unge akkordeonistar.

– Etter kvart fekk eg med meg Ida Løvli Hidle. Idéane balla på seg, så me enda opp med ei heil veke med festival. Det var veldig naturleg å leggja denne festivalen til Voss, som i mange år hadde eit sterkt miljø for akkordeon. Ein heilt sentral peron i dette miljøet var Olav Ullestad som underviste i akkordeonspel på musikkskulen, og som nyleg gjekk bort, fortel Draugsvoll.

## Artistar

Vel 20 artistar spelar på dei enkelte konsertane neste veke. Fleire av dei er mellom dei beste også internasjonalt.

**VOSSING:** Akkordeonisten og trekkspelaren Irene Tillung frå Voss held konsert i Kulturhuset tirsdag kveld saman med bandet Ti på Taket.

ARKIVFOTO: DANIEL MELVE KVARME



# en i Noreg

## Dikt og felespel på Rossvoll

– Det er stas å få vera med på poesifestivalen, synest skodespelar Liv Bernhoft Osa. Tilknyttinga til Ulvik er sterk.

### ► ULVIK

Liv Bernhoft Osa skal saman med meisterspelemann Knut Hamre henta fram kjende og mindre kjende dikt og dagboktekstar frå Olav H. Hauge, under arrangementet på Rossvoll, laurdag 8. september.

Ho har ikkje tidlegare vore på poesifestivalen, men ser fram til programposten saman med Knut Hamre, og til å få oppleve festivalen elles.

– Olav H. Hauge er verkeleg vår diktar. Eg kjenner dikta hans godt, og eg har dagbøkene hans som eg rett som det er slår opp i.

Meir konkret kva ho vil bruka i programmet, er ikkje fastlagt ennå. Det vert ei oppgåve å finna ut av, i august. Slektsrøtene hennar på farsida er som mange vil vita frå Ulvik og Osa.

### Namnet frå Osa

– Lars (bestefar) var fødd på Syse, men dei flytta etter kvart til Osa. Også pappa var fødd i Ulvik, seier ho.

Liv hugsar med glede at ho var med på den store jubileumskonserten i Norheimsund, under Hauge/Tveitt-jubileet i 2008.

– Det var ei utruleg kjekk mønstring, med krefter som alle hadde tilknytning til området!

Knut Hamre kjem til å finna fram slåttar som har tilknytning



**HENTAR FRAM HAUGE-DIKT:** Liv Bernhoft Osa.

ARKIVFOTO: VIDAR HERRE

til Ulvik, og til Sigbjørn og Lars Osa, til programmet under poesifestivalen. Hamre hadde nær kontakt med Olav H. Hauge, særleg i dei siste åra Hauge levde.

### Poesi om spel

– Og så skreiv han fine dikt, både om fela og om spelemannen, legg Knut Hamre til.

Venelaget Olav H. Hauge står bak arrangementet i samarbeid med eigarane på Rossvoll. Her skal dei også dela ut Amboltprisen som venelaget står bak. Prisen går til ein som har gjort mykje for å gjera diktarverket til Hauge kjent. Etter poesitreffet held dei årsmøte i venelaget.

### ► Sigrid Seim

ss@avisa-hordaland.no



**PÅ POESIFESTIVALEN:** Knut Hamre.

ARKIVFOTO: NILS KVAMSDAL



**LEIAR:** Strendingen Geir Draugsvoll er kunstnarleg leiar for Noregs fyrste akkordeonfestival, NordAccordion, som vert arrangert på Voss neste veke. Til dagleg er han professor og undervisar i akkordeonspel ved universitetet i København.

*Idéane balla på seg, så me enda opp med ei heil veke med festival. Det var veldig naturleg å leggja denne festivalen til Voss, som i mange år hadde eit sterkt miljø for akkordeon.*

Geir Draugsvoll

– Eg vil mellom anna nemna Per Arne Glorvigen som spelar konsert i Vangskyrkja med sin trio på måndag kveld. Han spelar bandoneon, som er ein type trekkspel som spesielt vert nytta i argentinsk tangomusikk. Konserten vil verta ei salig blanding av lidenskapelege tangotonar og Bach, seier Geir Draugsvoll.

Han trekkjer også fram konserten med vossingen Irene Tillung & Ti på Taket i Kulturhuset tysdag kveld. Sjølv skal han spela nasjonalromantisk lunsjkonsert på Stalheim ho-

tell onsdag saman med den unge prislønte akkordeonisten Hanzhi Wang, som også er busett i København.

– Eg gler meg til denne konserten og håpar me får fint ver slikt at me kan spela ute bak hotellet, seier Draugsvoll.

### Elevkonsert

Det vert også arrangert seminar for unge akkordeonistar under festivalen. Om lag 25 elevar skal delta, dei fleste av dei frå Kina.

– Akkordeon er eit stort instrument i Kina. Eg har gjen-

nom mange år jamleg reist til Kina og undervist, så det er nok årsaka til at så mange kinesiske akkordeonistar kjem på seminara under festivalen. Det vil også verta konsert med elevane i kyrkja i Bakka i Nærøyfjorden på onsdag. Med dei omgjevna kjem dette til å verta ei heilt spesiell oppleving, seier Geir Draugsvoll. Hordaland kjem til å melda fleire av konsertane på Nordaccordion neste veke.

### ► Bjørn Sandnes

bsa@avisa-hordaland.no

## Italiensk meisterpianist på vitjing



**NOREGSKLAR:** Den italienske meisterpianisten Luigi Carroccia kjem til Galleri N. Bergslien i Eidfjord søndag. FOTO: CHOPIN INSTITUTE, POLEN

Søndag kjem Luigi Carroccia til Galleri N. Bergslien. Der skal han spela sin aller fyrste noregskonsert.

### ► EIDFJORD

– Eg ser fram til å spela for fyrste gong i Noreg denne søndagen, skriv Carroccia på Facebook-sida si.

Den italienske mannen frå ein småby sør for Roma vitjar bygda Eidfjord denne helga.

– Stort talent ved klaveret Carroccia byrja ikkje å spela pia-

no før han var 13–14 år, men har alt i ein alder av 27 år utmerkte han seg i fleire internasjonale konkurransar.

– Luigi Carroccia er eit stort talent ved klaveret, ikkje berre for den teknisk virtuose kapasiteten han er, men kanskje aller mest for den store personlegdomen som kjem til syna i klang og tolking, seier Inger-Kristine Riber som står bak konsertserien i Eidfjord gjennom sommaren.

Når han no kjem til Hardanger og Noreg er det nokre av favorittkomponistane hans, Chopin og Schubert, som står på programmet.

### Eit namn å merka seg

Riber møtte sjølv unge Carroccia alt for åtte-ni år sidan på ein masterclass ho underviste på i Halle i Tyskland. Ho omtalar han som ein av dei aller beste.

– Det har vore utruleg spennande å fylgja utviklinga hans sidan, og eg trur Luigi Carroccia er eit namn me kjem til å høyra mykje meir til i framtida, seier Riber.

### ► Siri Flatlandsmo

sfl@avisa-hordaland.no